



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	25.11.2014
Tid:	10:00 – 18:15

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

Forfall:

Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Svein Gjølseth	Per Kristian Furø	AP

Andre: Ass. Rådmann Olaus Jon Kopperstad
Økonomileiar Geir Egil Olsen

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt og sakliste var sendt medlemene og dei fremste varamedlemene.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:

Karly Teige og Kjell Runde

Camilla Storøy Hermansen fekk permisjon kl. 12:00 og vara Ole Brubakk møtte.

Kjell Runde fekk permisjon kl. 16:00.

F-sak 219/14 vart handsama før F-sak 218/14.

Det var lagt fram notat om personalsituasjonen i IKT-avdelinga. Saka vart drøfta i lukka møte med heimel i KL. §31 nr. 2

Eivind Longva møtte og orienterte i lukka møte, heimel KL. §31 nr. 2, om krav i samband med flytting av elev til annan skule,

Neste formannskapsmøte vert onsdag 3. desember. Kommunestyret i desember vert flytta frå 11. til 17. desember kl. 12:00.

underskrifter

Karly Teige

Arnulf Goksøyr

Kjell Runde

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 216/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 217/14	Protokoll frå førre møte
PS 218/14	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. Tredje handsaming
PS 219/14	Endring av gebyrregulativ for dele- og byggesak, oppmåling og plan

PS 216/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.
F-sak 218/14 vart delt ut i møte.

PS 217/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte vart delt ut i møte.

PS 218/14 BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018. TREDJE HANDSAMING

Møtebehandling:

Framlegg til saldert budsjett og notat frå økonomileiaren av 23.11.2014 låg føre.
Formannskapet gjekk gjennom framlegget saldert budsjett.

Høgre/FRP kom med framlegg til slike endringar:

Auka utgifter	
Kompetansetiltak skule	opp 200.000
Styrking helsestasjon	opp 400.000
Frivilligsentralen	opp 25.000
Brøyting private vegar	<u>opp 100.000</u>
	<u>725.000</u>

Auka inntekter:	
Hamneavgift	opp 100.000
Auka leigeinntekter	<u>opp 500.000</u>
	<u>600.000</u>

Endring i rammeinnsparingar:

Skule:	ned 200.000
Helse:	opp 50.000
PO:	opp 100.000
Buhab:	opp 50.000

Folkelista v/Kjell Runde kom med framlegg om 150.000 til Runde Turistinformasjon.

Det vart votert over framlegget frå Høgre/FRP punktvis: 2 røysta mot auke til Frivilligsentralen og endringane i rammeinnsparing.

Framlegget frå Folkelista fekk 2 røyster.

Endringar i investeringsframlegget:

Overførte løyvingar

Planleggingsmidlar Fosnavåg Brannstasjon kr 250.000 vart tatt ut
Ny bru til Herøy gard vart redusert frå kr 3.000.000,- til kr 500.000,-
(planleggingsmidlar)

Rassikring Vikane med kr 1.640.000,- vart mellombels tatt ut av planen

2015

Vegarm Campus - Myklebust (restfinansiering jfr K-sak) vart lagt inn med 11,8 mill kr

Utviding av Kvalsund gravplass vart sett inn med kr 2.500.000,-

Frøystadtoppen (forskottering) planfri kryssing vart tatt ut av planen (kr 500.000,- i planleggingsmidlar)

Brannsikring av utleigebustadar vart redusert frå kr 1.000.000,- til kr 500.000,-

Ny Brannstasjon Myrvåg vart flytta til 2016 (Kr 11.500.000,-)

Planleggingsmidlar Ytre Herøy ungdomsskule (kr 500.000,-) vart flytta til 2017

Planleggingsmidlar Ny Bergsøy skule (kr 650.000,-) vart flytta til 2017 og kalla Planlegging/prekvalifisering og endra til kr 2.000.000,-

2016

Frøystadtoppen planfri kryssing (kr 18.800.000,-) forskottering. Vart teke ut av planen pga eienkapitalsituasjonen

Ny Barnehage Myrvåg. Summen førebels redusert frå kr 40.000.000,- til kr 20.000.000,- i på vente av utgreiing.

Energimerking av bygg (kr 500.000,-) vert førebels teke ut av planen

2017

"Pocketpark" i Gerhard Voldnes veg (kr 2.500.000,-) vert førebels tatt ut av planen

Riving av "Gul" avdeling. Løyvinga redusert frå kr 2.500.000,- til kr 1.500.000,-

Ny skule på Bergsøya (kr 160.000.000,-) vert utsett til 2018 og løyvinga redusert til kr 158.000.000,-

Oppgradering av leikeplassar og utstyr, kr 1.000.000,-, vert teke ut av planen

2018

Oppgradering av leikeplassar og utstyr, kr 1.000.000,-, vert teke ut av planen

Det vart deretter røysta punktvis over framlegget til vedtak:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slike endringar:

Pkt 1 Lokalsamfunn:

Tillegg i første strekpunkt: ...og næringsutvikling

Pkt 12

Låneoptaket vert endra frå NOK 106,0 mill kr til 107,0 mill kr.

Framlegg frå Høgre/FRP om nytt pkt. 16:
Administrasjonen får i oppdrag å finne potensiell kjøpar av heile eller deler av Aksjeposten kommunen har i Tussa Kraft AS.

Framlegget vart vedteke med 5 mot 3 røyster.

Tilråding i Formannskapet - 25.11.2014

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelge ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging og næringsutvikling.
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2015 (runda av til næraste kr 5.000,-).

Område	Brutto	Brutto	Netto	Netto
	Utgift 2015	Inntekt 2015	Utgift 2015	budsjett 2014
Pol. Leiing			4.030	3.695
Adm leiing			4.120	3.320
Serviceforretning			3.320	3.000
Fellessekretariatet			2.210	2.185
Økonomiavd			5.650	6.160
Pers og org. avd			8.100	8.235
IKT			5.650	4550
Overføringar til andre			8.820	8.800
Barnehageavdelinga			64.230	61.680
Skuleavdelinga			108.410	109.900

Barn, familie og helse			37.835	34.545
Pleie og omsorgsavd.			105.750	101.730
Bu- og habilitering			37.830	36.285
Sosial g flyktning			9.595	9.520
Kulturavdelinga			8.895	8.020
Utviklingsavdelinga			5.790	6.330
Anlegg og driftsavd.			15.960	12.240
Eigedomsavdelinga			17.775	15.140
Samhandlingsreforma			0	12.400

(Ein må kome attende til brutto inntekter og brutto utgifter etter at detaljbudsjettet er klart)

3. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2015.

4. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.

5. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:

a) Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2015.

Kr 2.580,- for heil plass + matpengar kr 300,-.

b) Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.

c) Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

d) Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:

(Pr. 1.5.14 er 1 G kr. 88.370,-

- Timepris: kr 250,- (kr 240,- i 2014)
- 2-3 G – Kr 1.000,- per mnd (kr 960,-)
- 3-4 G – Kr 1.300,- per mnd (kr 1.220,-)
- 4-5 G – kr 1.600,- per mnd (kr 1.500,-)
- Over 5 G – kr 1.900,- per mnd (kr 1.850,-)

e) Leige tryggleiksalarmar kr 300,- per månad (kr 300,-).

f) Korttidsopphald institusjon kr 142,- pr døgn (kr 137,-)

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

g) Dagplass ved institusjon kr 74,- pr dag (kr 72,-).

Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.

h) Sal av middag ved institusjonane kr 80,- pr middag (kr 75,-)

i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (kr 90,-)

j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr (kr 1.776,- per døgn i 2014. 2015 blir først kjent når budsjettet til PO er vedtatt – når tilrådinga til K-styret er kjent)

k) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %

l) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, elevavgift kulturskulen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), og gebyrsatsane for byggesakshandsaming, oppmåling, planarbeid etc vert fastsett for 2015 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.

m) Festeavgift vert sett til kr. 130,- pr. år pr. grav. (opp kr 5,- per år)

6. Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventa utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 7.100,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.
7. Budsjettet for 2015 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
 - a) 0,75 årsverk PO (kreftsjukepleiar)
8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
9. Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av organisering, struktur og tenestenivå, for å sjå kvar drifta kan effektiviserast. Ein plan for dette må snarast råd leggest fram for kommunestyret for handsaming. Fram til denne planen er godkjent innfører kommunestyret stans i tilsetjing og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald.
 - a. Ved presserande behov for tilsetjing i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.
 - b. Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlige budsjettendringar knytt til dette.
11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 107,0 mill for 2015. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
- 13 Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansiering i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
- 14 Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
16. Administrasjonen får i oppdrag å finne potensiell kjøpar av heile eller deler av Aksjeposten kommunen har i Tussa Kraft AS.

PS 219/14 ENDRING AV GEBYRREGULATIV FOR DELE- OG BYGGESAK, OPPMÅLING OG PLAN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 25.11.2014

Kommunestyret vedtek nye justerte forskrifter og gebyrsatsar for dele- og byggesak, oppmåling og plan slik dei går fram av vedlegg til saka.

MØTET SLUTT!